



Kjell Musland i husveggen saman med nokre av kunstverka sine.(Foto: Jarle Sætren)

Søndag 5. november kl.13 er det klart for ei ny utstillingsopning i Galleri G Guddal. Då er det Uskedalskunstnaren Kjell Musland som opnar utstilling saman med teiknaren Stine Eide. Kjell Musland sine flotte og humoristiske trefigurar er velkjende og populære, og han fortel at han har ca. 130 skulpturar med på utstillinga.

Kjell Musland har hatt interessa i seg frå guteåra. Likevel kan vi seia at det var då han var midt i 20-åra, i 1978, at det starta. På den tida budde og arbeidde han i Bergen, og han fortel at han kjøpte seg noko verktøy, helst dårleg var kvaliteten, og han skar ut ein hest etter ein modell han hadde lånt av svigerfar sin, Ludvig Eik. Den hesten var laga av Tue-Lars (Lars Mehl).

Etter det har det blitt mange treskulpturar og mange årsverk med kniv og motorsag på trekunstnaren som bur på Seimsfoss. Musland sine humoristiske trefigurar er blitt vidgjetne, og når vi er ute og reiser, kan vi treffa på dei mange stader. Mest kjend er kanskje skulpturen av Edvard Grieg som står ved Hotel Ullensvang, men vi finn dei over heile landet. På desse treskulpturane har motorsaga vore hovudreiskapen hans, men han er like kjend for mindre, nette og artige figurar der kniven har gjort hovudjobben. Dei er svært ettertrakta som gåver og heiderprisar, og ofte har han laga dei på spesialbestilling med tanke på mottakaren. Dette har resultert i mange humoristiske blinkskot.

I tillegg til at han har utvikla seg gjennom eigne kreative evner har han lært teknikkar og henta motivasjon frå m.a. vekeskurs på Rauland Kunstakademi. Sjølv har han hatt demonstrasjonar på messer mange stader i landet. Vi nemner berre nokre, - Oslo, Trondheim, Bergen, Stavanger og Seljord. Han har hatt demonstrasjonar og kurs på fire turar med Woodturning Cruise frå Stavanger til Nordkapp. Neste år vert den 5. turen.

I 1992 representerte han Hordaland fylke på ei kulturutveksling i Cardiff. Saman med ei som dreiv rosemåling og ei kunstveverske demonstrerte han då kunsten sin for britane. Tre veker var han i Cardiff då og hadde familien med.



-Det er ærefullt å få ha utstilling i Galleri G Guddal, seier trekunstnaren.(Foto: Gøril Guddal)

Kjell Musland kan sjå tilbake på mange flotte opplevingar med trekunsten sin. Likevel synes han det er ei store ære å få ha denne utstillinga.

- Det er verkeleg ærefullt å få koma opp til Gøril og ha utstilling der når vi ser kva ho har fått til. Når ein vert invitert til å verta ein del av den bukettan som ho har hatt av utstillarar, så er det veldig kjekt, seier trekunstnaren som kan sjå tilbake på mange årsverk med kniven. Då kosar den nybakte pensjonisten seg alltid med musikk til arbeidet.

Samstundes vert det også utstillingsopning av blyantkunst vi sjeldan ser. Kunstnaren Stine Eide tek blyanten på største alvor og teiknar både tankevekkande, komiske og parodiske bilde i ein tidkrevjande, fotorealistisk strek.

Utstillingsopninga er altså kl.13 på søndag, men kafèen er open frå kl.12. Ved opninga vert det musikk frå dyktige Andreas Bjørsvik og Eirik Brakestad frå Valen som vi m.a. kjenner frå flotte opptredenar under Lambasleppet på Festidalen.

Utstillinga står fram til 17.desember, og Galleri G Guddal har no ope laurdagar og søndagar frå kl.11 til 16.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.